

---

Vår referanse 2020/56054-3  
Dato 02.07.2020

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjon for frådelling - Fv 5318 - Gnr 351 bnr 36 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til brev motteke 09.06.2020, med påfølgande retting frå arealoverføring til oppretting av grunneigedom med ovannemnde søknad til uttale.

### Kva saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-planføremål og frå forbod å byggje- og dele i 100-meters belte mot sjøen i *Arealdelen av kommuneplanen for gamle Meland kommune*, for oppretting av ny grunneigedom.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål og ligg innafor 100 meters belte mot sjøen.

### Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har óg klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune.

I forkant av denne dispensasjonssøknaden vart det søkt om utvida bruk av avkøyrsla for å avklare avkøyrslforholda før frådelling. Vi svarte med ei førehandstilsegn med løyve på vilkår om utbetring av avkøyrsla.

### Uttale

Kommunen må ikkje gi løyve til frådelling før avkøyrsla frå fylkesveg 5318 er utbetra i tråd med vilkåra sett i førehandstilsegn om utvida bruk av avkøyrsla datert 12.06.2020. Vi kan ikkje tillate meir trafikk gjennom avkøyrsla slik ho ligg i dag. Vegen betener allereie 13 eller fleire einingar. Avkøyrsla er ikkje i tråd med dagens standard og er trafikkfarleg. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, fartsnivået er høgt og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Det er dårlege siktilhøve i avkøyrsla. Jamvel om tiltakshavar hevdar at tiltaket ikkje vil føre til auka bruk må ein ved eit slikt høve ta avkøyrslforholda opp til vurdering og stille krav dersom avkøyrsla ikkje innfrir dagens tekniske krav. Ei frådelling vil ofte generere bebyggelse og auka trafikk på sikt.

Syner også til *søknad om utvidet bruk av avkjørsel fra fv. 249 Skjelangervegen, datert 16.november 2017, samt tilleggsinformasjon mottatt 29.november 2017. Søknaden gjelder oppføring av 2 fritidsboliger på gnr. 51 bnr. 151 og 152.* Dette gjeld dagens gnr. 351 i Alver. Statens vegvesen ga løyve på vilkår om utbetring med nesten tilsvarande utformingskrav som i førehandstilsegnet lagt ved denne uttalen. Ei løysing kan vere å gå saman med tiltakshavar i denne saka for utbetring av avkøyrsla. Dersom avkøyrsla blir utbetra skal ho godkjennast av Vestland fylkeskommune før det vert gitt løyve til frådelling.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Førehandstilsegn
- 2 Krav til utforming